



Kvifor fekk ikke Dønhaug Gardsbarnehage fritak for eigedomsskatt? Det vart det ikkje svara på i kommunestyret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Berre Framstegspartiet og Høgre stemte for fritak for alle då saka om fritak for eigedomsskatt var oppe i kommunestyret i dag.**

**Det betyr at av dei 34 som ikkje får fritak er Dønhaug Gardsbarnehage og det framtidige traktormuseet til Asbjørn Olsen i Uskedalen.**

Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) fekk ikkje noko svar då han spurte om grunnen til det manglande fritak. Om Olsen sitt prosjekt beklaga han at eit tiltak som ein freistar å byggja opp blir belagt med skatt.

Elles gjev Myklebust uttrykk for at kommunestyret er feil forum å drøfta ein slik sak i.

Gunn Mari Moberg (H) var også for fritak for gardsbarnehagen og traktormuseet. Bjarne Lilleaas (V) hadde tiltru til at den vurderinga som var gjort var rett.

I kriteriane for fritak heiter det at ein kan frita bygningar av historisk verdi og eigedomar bygd av stiftingar eller institusjonar som blir drivne med eit samfunnsmessig føremål.

Dei som blir friteke i Uskedalen er Helgheim, AFA, Kapteinsgården, Stemneplassen, Vassverket, Aktivitetshuset, Bedehuset og Gamleskulen.

Flere, mellom andre Ole Torbjørn Holmedal (Frp), Gunn Mari Moberg og Torfinn Myklebust, meinte at også båthamnane burde vore friteke fordi dei driv med eit samfunnsnyttig føremål .

Av Ola Matti Mathisen